Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. 36.

Herad: Bjerkreim.

Emne: Helsing, åtferd og fakter.

Bygdelag:

Oppskr. av: Jørgen Skjærsland

Gard:

(adresse): Vikeså

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. ~~Eller om den er etter andre heimelsmenn:~~ (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Måtar å refsa på.

1-3. Me veit lite om dette. Me veit berre at dei for 80-100 år sidan kledde seg ut som troll, som julabukkar og skremde folk.

4. Det var ein streng skikk for at ingen skulle gå til andre fyrste juledagen. Dei som kom inn til ein annan den dagen, vart kalla „julabukk."

6. Den som ikkje hadde treskt seg ferdig til jul måtte „eta julagrauten på staen", sa dei. (Halmen som var att å treskja)

Elles var dei stygge med å gjeva kvarandre augnenamn. Mest kvar eldre mann og kvinna hadde sitt augnenamn. Det var: Bannaren, Ukjura, Dyra, Elias-Tjuv, Grisen, Ivar-tosk Jente-Per, Jakob-spåmann, Rabbo, Sprøytta, Gnotta-Siri, Trilling-Siri, Skeifo, og så bort i det uendelege. Desse namna fekk dei på „skjeide", som dei sa (rerekgenkjande) og måtte fint bera dei all sin dag. Når så ein mann vart sinna på ein annan, så sa han augnenamnet hans beint til han.

7768

Ingen ting kunne såra ein mann så vondt som når han fekk høyra auguamnet sitt.

7768

Særemne 7.

er avskrevet.

Renning og vadmel.

Me kjenner ikkje til annan måte å renna ein vev på enn den som no er vanleg.

Vadmel kalla me „vèbmol", Vebmol er alt ty av ull, både tviskjeft og fir-skjeft

Einskjeft kalla dei „stoff" når bomullsgarn er renning og innslett er ull.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING